



Plan for friluftslivets ferdselsårar



GLOPPEN KOMMUNE

1. Innleiing

Gloppen er eit eldorado av flotte naturopplevingar. Her er fleire krevjande turruter, spennande rundurar, og attraktive nærturområde i heile kommunen. Vi har ein natur som gir oss eit stort potensiale, og det er årsaka til at vi har tatt ein posisjon om å vere kjent som ein sykkel- og vandrekommune. Dette stiller krav til at vi må jobbe systematisk og godt med utvikling av turstiar og våre friluftsområde.

Friluftsliv er den vanlegaste forma for fysisk aktivitet, og naturen er ein arena for rekreasjon og aktivitet. Det å vere ute i naturen har ein dokumentert helseeffekt og er viktig for befolkninga sin livskvalitet. Turløypene kring oss er avgjerande for vår deltaking i friluftslivet. Studiar viser at skilting og merking av turstiar, fører til auka bruk og nye turgåarar.

Stortingsmelding 18 (2015-16) *Friluftsliv - Natur som kilde til helse og livskvalitet* viser til viktigheita av å legge til rette for friluftsliv i nærmiljø, slik at **alle** har mogelegheit til å oppleve og vere fysisk aktiv i naturen i kvardagen.

Det er også vektlagt at utvikling av ferdselsårane må skje på ein berekraftig måte. Eit berekraftig friluftsliv handlar om å ta vare på dei naturgitte føresetnadane for friluftslivet og at friluftslivsaktivitetane i minst mogleg grad skal belaste natur og miljø. All tilrettelegging bør gjerast så skånsamt som mogleg utan unødige inngrep i terreng og landskap. Auka ferdsel og meir ekstremvêr bidreg til eit auka behov for å tenke berekraftig tilrettelegging.



Inn i dalen frå Myklandstøylen i Kandal. Foto: Birte Fossheim

2. Bakgrunn for planen

I 2019 sette regjeringa i gang eit fleirårig prosjekt for å hjelpe kommunane i arbeidet med å lage planar for friluftslivets ferdselsårar, i tråd med [Stortingsmelding 18 \(2015-2016\): Friluftsliv - Natur som kjelde til helse og livskvalitet](#). Friluftslivets ferdselsårar er eit nasjonalt prosjekt som blir leia av Miljødirektoratet. Nasjonalt er det eit mål om at *alle kommunar* skal lage ein plan for friluftslivets ferdselsårar og at skilta/merka ferdselsårar skal leggjast inn i Kartverket sin turrute-database. I regjeringa sin handlingsplan for friluftsliv oppfordrar regjeringa alle kommunar til å kartleggje lokale ferdselsårar.

Gloppen kommune deltek på det nasjonale prosjektet, og ei kartlegging av viktige og verdsette friluftsområde i kommunen, er lagt til grunn for utarbeiding av planen.

Gloppen har veldig mange turstiar, og planen gir på ingen måte ein fullstendig oversikt over alle. Planen skal gje oss oversikt og kunnskap om viktige ferdselsårar i kommunen. Den skal også peike på uløyste oppgåver og forbetringar, og føreslå konkrete tiltak for å styrke friluftslivet. Planen skal sikre ei tilrettelegging av løypetraséar med ulik vanskelegheitsgrad. Eit svært viktig fokus i åra framover når vi jobbar med utvikling av friluftsliv i nærmiljøa, er å gjere fleire område universelt utforma. Eit anna viktig fokus i arbeidet framover, er berekraft. Vi må sikre at løypetraséane er bygd for trafikken som kjem, har fokus på biologisk mangfald, lysforurening og omsyn til kulturmiljø.



Holvikfossen. Foto: Ronny Solheim

3. Mål for arbeidet

Tilgang på friluftsliv og natur i nærmiljøet er eit av hovudmåla i den nasjonale friluftslivspolitikken, noko som krev god tilgang på nærliggande, attraktive turløyper og naturområde.



Nærturområde på Myra. Foto: Dagfinn Nyhammer

3.1 Hovudmål

Hovudmålet med planen er å identifisere, ivareta og utvikle friluftslivets ferdsleårar for å sikre eit attraktiv tilbod til eiga befolkning med tanke på folkehelse, livskvalitet, bulyst og reiseliv.

3.2 Effektmål

- Leggje til rette for at alle skal kunne nytte friluftslivet
- Auka tilgjengelegheit til turløyper i nærmiljø
- Auka bruk av turløyper
- Auka bevisstgjerjing av kva kommunen har å by på av natur og opplevingar
- Auka fysisk aktivitet som bidreg til betre fysisk- og psykisk helse
- Attraktivt bumiljø- og reisemål
- Tydeleggjere samarbeide med frivillige lag- og organisasjonar om arbeid med ferdselsårar

3.3 Resultatmål

- Oversikt over noverande situasjon og framtidige behov for utvikling av ferdselsårar
- Oppdatert kartgrunnlag over viktige turløyper i kommunen
- Systematisere og jobbe målretta med skilting og merking
- Alle bygdesenter skal ha minimum 1 merka turløype i nærleiken, som kan nyttast av alle.
- Synleggjere kopling mellom ferdselsårar og kulturminne

4. Avgrensingar for planarbeidet

Planen har status som ein temaplan. Det betyr at den har ikkje juridisk binding til arealbruk eller økonomiske prioriteringar. Dei prioriterte løypetráséane vil gjennom planarbeidet bli tilgjengeleg i Kartverket sin turrutebase. På denne måten vil planen kunne bidra til god forvaltning av friluftsområde og vere eit kunnskapsgrunnlag for kommunen i sakshandsaming og planlegging.

I Gloppen har vi eit eldorado av flotte naturopplevingar og lett tilgang på friluftsliv for dei fleste av oss. Så i forhold til det nasjonale målet med planarbeidet, så hadde vi behov for å gjere avgrensing av den kartlegginga som skulle gjerast i samband med planen.

Gloppen sine utfordringar i forhold til dei nasjonale målsettingane:

Det å vere ute i naturen har dokumentert effekt på helsa og livskvaliteten vår. Vi veit også at friluftsområde nær der folk bur og god tilrettelegging/merking, har mykje å seie for bruken. Som ei avgrensing valde vi difor å kartlegge på turløyper med utgangspunkt i bygdesentra våre/ der det bur mest folk.

Natur er ei viktig kjelde til livskvalitet og helse for oss **alle**, og vi har ikkje vore like flinke å ta omsyn til å utvikle friluftsområde for menneske med funksjonsnedsettingar. Dette er no løfta fram som ei satsing i kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet, og det var også eit viktig fokus i kartleggingsarbeidet til denne planen.

Kortare turar i nærområdet er spesielt attraktivt på kvardagar, og i helgar er ein gjerne motivert for ein litt lengre etappe. I eit miljøperspektiv er det ønskjeleg med tilrettelegging for turstiar og koplingspunkt, som gjer det lett å gå frå staden der vi bur. Vi veit også at rundturar, og turar frå A-B gjer det meir attraktivt for folk å gå på tur, slik at planen også bør ha fokus på dette.

I den nasjonale målsettinga var det også fokus på bulyst og reiseliv. Gloppen har teke ein posisjon om å vere ein attraktiv kommune for sykkel- og vandring. Vi har svært mange turar å velje i, men vi må gjere eit utval som marknadsfører kommunen på ein god måte. Det stiller krav til merking og tilrettelegging av turstiane som vi vel å løfte fram her.

Basert på dette utfordringsbilde, så valde vi å gjere følgjande avgrensing i samband med kartleggingsarbeidet:

1. Kortare turløyper (t.d. inntil 2 km) i alle bygdesentera, med fokus på universell utforming/tilgjenge for alle
2. Lengre turløyper med utgangspunkt i sentrumsområda
3. Turistruter

Dette betyr at ski-, sykkel-, eller padleruter ikkje er med i planen. Valet var gjort utifrå ressursar og eit omgang vi følte var realistisk i denne omgang. På sikt ønskjer vi å kunne utvide oversikta til også å gjelde ferdsleruter som ikkje kom med i denne omgang.



Eggenipa. Foto: Dina Rygg

5. Forholdet til andre planer og nasjonale føringar

Det ligg både nasjonale og regionale føringar for korleis kommunane skal tilrettelegge for eit godt friluftsliv for innbyggjarane.

5.1 Nasjonale og regionale føringar:

- Friluftsliv – Natur som kilde til helse og livskvalitet (Meld. St. 18, 2015 – 2016)
- Regjeringa si handlingsplan for friluftsliv – natur som kilde til helse og livskvalitet
- Folkehelsemeldinga – gode liv i et trygt samfunn (Meld. St. 19, 2018 – 2019)
- Plan for friluftslivets ferdselsårar – Veileder 2019
- Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet (2024). Kultur og likestillingsdepartementet
- Merkehåndboka – informasjon om planlegging, tilrettelegging og synleggjering av stiar og turruter
- Regional plan for kultur (2023 – 2035) – Kultur bygger samfunn

5.2 Kommunale føringar:

- Kommuneplanen sin samfunnsdel (2018 – 2030)
- Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv mot 2030 (KIFF)
- Kulturminneplan for Gløppen (2019 – 2029)

Gløppen sin kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv viser til at gode samarbeid mellom turlag og trimgruppe bidreg til vedlikehald og merking av kommunen sine mange turløyper. Føremålet med likevel å lage ein eigen plan for friluftslivets ferdselsårar, er for å gå meir i detalj på tiltak og satsingar innanfor friluftsliv. Planen går i djupna på å identifisere, ivareta og utvikle friluftslivets ferdsleårar, og for å sørge for eit attraktiv tilbod i kommunen.

6. Organisering og medverknad i planen

Politisk ansvar: Formannskapet

Prosjektansvar: Torbjørn Brandsæter, kommunalsjef Samfunn og berekraft

Prosjektleiar: Eirin Victoria Myklebust, tenesteleiar plan-, byggesak og oppmåling

Arbeidsgruppa:

- Knut Roger Nesdal, næringsjef
- Birte Fossheim, kultursjef
- Maria Kleppe, avdelingsleiar Trivselshagen bad og idrett
- Åslaug Haugset, folkehelsekoordinator

Gløppen kommune har hatt tett dialog med lokale lag og organisasjonar, som er viktig for resultatene til planen. Gode medverknadsprosessar med foreiningar og frivillige organisasjonar bidreg til kvalitetssikra informasjon frå dei som brukar og kjenner friluftslivet best i sitt nærrområde. Det er gjennomført innspelsrunde der idretts- og interesseorganisasjonar har

hatt høve til å kome med innspel knytt til dei tre hovudmåla som er satt for kartlegginga i Gloppen kommunen. Innspela har bidrege til å få kartlagt kva stiar i og omkring bygdesentera som kan inkludrast i planen, kva av desse ferdselsårene som er merka/treng merking og behov for tiltak.



Colombusparken i Hyen. Foto: Siv Kvalsvik Haugen

7. Kartlegging og registrering

Kartlegging av løypetraséar og målpunkt (t.d parkeringsplass, gapahuk) i prosjektet, vert lagt inn i Kartverket sin turrutebase. Dette er ein nasjonal kartbase for friluftsliv i heile Norge, som er tilgjengeleg gjennom norgeskart.no (menyval Temakart/Friluftsliv). Turbasen skal sikre god forvaltning av friluftsområde, og det stilles krav til turrutene som er synlege i basen (som t.d merking, driftsavtale).

Kartlegging av friluftslivets ferdselsårar i Gloppen omfattar eksisterande turstiar med utspring frå bygdesentera i kommunen. Den inkluderar også ei kartlegging av stiar som bør utbetrast, og har dårleg eller inga merking. Kartlegginga har også fokus på at vi ønskjer turløyper i alle bygdesentra våre med universell utforming. Vidare omfattar kartlegginga nokre turistruter som kommunen vil marknadsføre spesielt. Sykkelstiar, skitraséer og ferdselsårar på sjø er ikkje inkludert i arbeidet i denne omgang. Arbeidet er utført i tråd med Miljødirektoratets rettleiar [Plan for friluftslivets ferdselsårar](#).

Kartlegginga er utført i samarbeid med turlag og trimgrupper/idrettslag, der vi bad dei om innspel på:

- Kortare turløyper (t.d. inntil 2 km) i alle bygdesentera, med fokus på universell utforming/tilgjenge for alle
- Lengre turløyper med utgangspunkt i sentrumsområda
- Turistruter



Gjengabu - svart rute - for dei sprekaste. Foto: Alf Erik Røyrvik

8. Dagens situasjon

I Gloppen har vi mange turløyper som er flittig brukt av innbyggjarane i kommunen. Bur du i Gloppen, er det nesten forventa av deg at du likar fjell og friluftsliv. Om ein går på UT.no, så finn du 95 turforslag og 102 turmål i Gloppen kommune. Men langt frå alle av desse er merka eller lett tilgjengeleg. Studiar viser at god tilrettelegging og informasjon, gir auka bruk av friluftsområde. Vidare er rundturar og turar i naturlege omgjevnader, meir attraktive enn turar som går fram og tilbake. Nærleiken til ferdselsårene er også vesentleg. Dette er kunnskap vi tek med oss inn i planarbeidet.

Kommunen jobbar etter retningslinjer som er skissert i Merkehandboka, der ein viktig føresetnad for å merke og skilte turstiar er grunneigarar sitt samtykke. Vidare samarbeider vi tett med Midtre Nordfjord turlag, grendalag, utmarkslag og trimgruppe/idrettslag som er pådrivarar for rydding, skilting og merking av turstiar.

Gjennom tilskot frå spelemiddelordninga er det utvikla mange attraktive friluftsområde og målpunkt i kommunen. Det at lag- og organisasjonar er aktive å søke om midlar her, gir mykje igjen til fellesskapet i lokalsamfunnet. Trivselsskogen, ny trasé til Eggenipa og fleire nærområde med gapahuker er gode døme her.

Historisk sett har støylane i kommunen hatt mykje å seie for turtraséar. Og i Gloppen har vi 87 støylar! Dei fleste av støylane har ikkje tradisjonell drift med husdyr i dag, men er viktige rekreasjons- og turområde for hytteeigarar og andre. Støylane er også ofte utgangspunkt for fine turar vidare inn i fjellet. Dyrehald gjer at grunneigarar og utmarkslag er aktive bidragsytarar i å oppretthalde stinettverket i området rundt støylane. Støylane er attraktive målpunkt på turtraséane i planen.



Støyvastøylen. Foto: Trimgruppa Breimsbygda IL

Gloppen er ein rik kommune på kulturminne. Berre på eit mindre gravfelt på Vereide, er det registrert nærare 200 gravminne. Langs mange av våre ferdselsårar finn vi kulturminne og andre historiske spor. Det å løfte fram kulturhistorie gjennom informasjonsskilting langs ferdsleveggar eller lage aktivitetsområde, kan gje auka motivasjon for deltaking i friluftslivet. Kulturminne vil bli merka som målpunkt i planen.

Vi har fleire stader i kommunen der det er tilrettelagt med gapahuker og grillområde, og ser at slike område er mykje brukt av privatpersonar, men er også svært populært av barnehagar og skuleklassar. Trivselsskogen er eit slikt døme på eit unikt tilrettelagt område med fokus på å auke born sin kunnskap om å vere ute i naturen.

Ein annan situasjon som påverkar turstiar i Gloppen, er at vi har to landskapsvernområde og ein nasjonalpark som går innom vår kommunegrense. Dette er:

- Ålfotbreen landskapsvernområde
- Naustdal – Gjengedal landskapsvernområde
- Jostedalsbreen nasjonalpark

Dialogen og samspel med statleg vernestyre blir viktig for kommunen ved tilrettelegging av turstiar som går inn i desse områda. Det er ei målsetting for kommunen i lag med statleg vernestyre, å løfte fram landskapsvernområde som ein attraksjon for kommunen.



Ryssdalshornet som ligg i Naustdal - Gjengedal landskapsvernområde. Foto: Dina Rygg

9. Definisjonar

I dette kapittelet har vi definert sentrale omgrep som brukast i temaplanen. Definisjonane er henta frå [Miljødirektoratet sin rettleiar M-1292 \(2019\)](#), og i [Merkehandboka.no](#) finn ein definisjon av fleire relevante omgrep.

Friluftsliv - opphald og fysisk aktivitet i friluft i fritida med sikte på miljøforandring og naturoppleving.

Ferdselsåre - trasé for ferdsel som er synlege i terrenget i den sesongen som er aktuell for bruk, og leder for ferdsel på vatn og over brear.

Trasé - ein korridor i terrenget for både føreslege, planlagde og eksisterande ferdslesårarr og turruter. Ein trasé har eit definert start- og slutt punkt.

Målpunkt – Stader der det er naturleg å starte/avslutte bruken av ferdselsårene og attraksjonar/stader som motiverer til bruk. Døme kan vere haldeplasser for offentleg transport, parkeringsplassar, utsiktspunkt, serveringsstader, gapahuker, kulturminne osv.

Tursti – eit tydeleg, smalt og samanhengande tråkk i terrenget som har oppstått gjennom bruk eller aktiv tilrettelegging.

Turveg - opparbeidd og samanhengande ferdselsåre med jamnt og fast toppdekke i minst 1,2 m breidde.

Turløyper - Ferdselsårar på snødekt mark som jamleg trakkast eller preparerast, eller som merkast eller kvistast som traséer for ferdsel på vinterstid.

10. Roller, ansvar og organisering

10.1 Roller og ansvar

Det er fleire eksterne aktørar som er pådrivarar for utvikling av løypetraséar i kommunen, og rollefordelinga her er nyttig å ha med seg for iverksetting av planen.

Grunneigar har disposisjonsrett over eigen grunn, og er ein sentral aktør i planlegging, tilrettelegging og utvikling av løypetraséar. Det er difor viktig med eit godt og formalisert samarbeid mellom kommune, grunneigarar, lag- og organisasjonar og turgåarar. Ved skilting og merking av stiar, tek kommunen ansvar for grunneigaravtale i forkant.

Kommunen har eit spesielt ansvar for å ivareta allmennheiten sine interesser i friluftsliv. Vi har allemannsretten som gir oss ein gratisbillett til å kunne bruke naturen, men på visse vilkår. Vi må jobbe aktivt for å spreie kunnskap om allemannsretten til kommunen sine innbyggjarar.

Den Norske Turistforening (DNT) er Norge si største friluftsansjon. I Gloppen er det Midtre Nordfjord turlag (MNT) som drifter og merker mange av turstiane.

Idrettslag, trimgrupper, grendalag, 4H-lag med fleire - er aktører i Gloppen som tilrettelegg og drifter turløyper og utviklar nærturområde i kommunen.

Grunneigarlag og utmarkslag er samanslutningar av private eigedomar. Fleire av desse driv skjøtsel og tilrettelegging av kulturlandskap og ferdslårar.

Miljødirektoratet er eit statleg forvaltningsorgan under Klima- og miljødepartementet. Dei står bak lovgjeving innanfor friluftsliv, og gir rettleiing til kommunar og andre om regelverk og vår bruk av natur- og miljø.

Vestland fylkeskommune er ein regional forvaltar som bidreg med kunnskap og rettleiing om forvaltning og utviklinga av friluftsliv i kommunane. Dei er ein viktig samarbeidsaktør for å søke om tilskot til friluftslivsanlegg i kommunen gjennom spelemiddelordninga.

10.2 Organisering av arbeidet med turtraséar i kommunen

Tilrettelegging, skilting og merking av løypetraséar i Gloppen, har i stor grad vert drive av MNT, lag og organisasjonar, trimgrupper i idrettslag, grunneigar- og utmarkslag, grendalag eller utviklingslag. Her er det lagt ned fantastisk mykje dugnadstimar og frivillig arbeid for å tilrettelegge friluftsliv for innbyggjarane i kommunen. Gjennom ulike tilskotsordningar har dei fått midlar til å skilte, merke turstiar og utvikle møteplassar/aktivitetsområde (målpunkt). Kommunen har ei koordinerande rolle i å skaffe løyve frå grunneigarar og arbeid inn mot arealbruk og reguleringsplanar.

Kommunen jobbar også tett opp mot lag- og organisasjonar som søker om tilskotsmidlar til friluftslivsanlegg gjennom spelemiddelordninga i fylkeskommunen. Det er ein årleg lokal søknadsfrist til kommunen – 15. oktober – for å søkje om midlar til ordinære anlegg eller mindre nærmiljøanlegg. For å vere søknadsberettiga, må friluftsområde vere omtalt og prioritert i kommunen sin KIFF-plan.

Utvikling av slike målpunkt vil ofte kunne få tilskot frå spelemidlar, og kommunen vil kunne rettleie lag- og organisasjonar om søknader her.



Utsikt frå Blånibba ned mot Breimsvatnet og Skjorta i bakgrunnen. Foto: Birte Fossheim

11. Veggen vidare

Handlingsplanen vise traséar og målpunkt som er prioritert med bakgrunn i måla for arbeidet fastsatt i kapittel 3, fordi dei har positiv effekt på folkehelsa og er dei kommunen ønskjer å løfte fram og samarbeide om vidare. Tiltak i planen som merking, skilting og arbeid med turtraséane må i hovudsak verte utført av frivillige lag og organisasjonar. Kommunen må inngå samarbeide der aktørane har engasjement og dugnadsvilje til å bidra.

Handlingsplanen er ein utvalt liste basert på kartlegging og innspel som vi har fått frå våre eksterne samarbeidspartar, men handlingsplanen er framleis ambisiøs i omfang.

Oppgåver som arbeidet med planen har vist vert viktig framover, og som kommunen vil vektlegge i det vidare arbeid er:

- **Nærturområde i bygdesentra.** Utvikling av nærturområde i direkte forbinding med sentrumsområda.
- **Tilrettelegging for menneske med funksjonsnedsettingar.** Universelt utforma traséar.

- **Grunneigaravtaler.** Kommunen vil lage ei samla oversikt over grunneigaravtaler som er inngått og avtaleperiode.
- **God kunnskap om allemannsretten.** Nytte landsbylaurdag til motivasjon og kampanjar for kunnskapsdeling om allemannsretten.
- **Landskapsvernområde og inngang til nasjonalpark.** Utnytte fortrinnet i landskapsvernområde og nasjonalpark gjennom betre tilrettelegging og informasjon i samarbeid med vernestyre.
- **Berekraftig stiutvikling.** Utvikling og rehabilitering av turtraséar skal gjerast på ein skånsam måte for natur og miljø. Vi vil samarbeide med fagmiljø på område for å auke kunnskapen i kommunen og samarbeidspartnarane.

11. Handlingsplan ferdselsårar

Forklaring til tabellen:

Turrutene er gradert med fargekode utifrå vanskelegheitsgrad:

- **Grøn** = enkel. Korte, enkle turar som passer for alle utan spesielle ferdigheiter eller utstyr.
- **Blå** = middels. Turar som passer for dei med grunnleggjande turferdigheiter og er i normal fysisk form.
- **Raud** = krevjande. Turar som passar for erfarne fjellfolk med god fysisk form og godt turutstyr.
- **Svart** = ekstra krevjande. Turar for erfarne fjellfolk, med god fysikk og kondisjon.

11.1. Kortare turløyper og attraksjonar

| Rutenamn | Skildring/ gradering | Status | Attraksjon/ målpoint | Forslag til tiltak | Turdata base | Driftar |
|---|---|---|---|--|-----------------|---------------------------------|
| Sandane, Nordstranda og Sørstranda | | | | | | |
| Myra, Åsen | Rundtur, fottur/ski | Grunneigaravtale. Merka med meterskilt, lysløype, aktivitetsområde er universelt utforma. Parkering ved kunstgrasbana | Sanitæranlegg, grillhytte, skøytebane vinter, fotballbane sommer HC-parkering inne på området | Bør merkast frå Sandane sentrum og i løypetraseen. Meir informasjons-skilt | Nei | Gloppen kommune/ Åsen vel |
| Sandane sentrum | Kulturminneløype, skilting av 20 historiske hus. Lett fottur, turiststi | Avtale grunneigar om skilting av hus. Vandring på asfalt/fortau i sentrum. Universelt utforma. Merka på kart. Ikkje i terrengt. | Skilting av 20 historiske bygningar i Sandane sentrum. Butikk, kafé. | Merke og kople turstiar i sentrum i hop. Koplast på tursti inn i området til Nordfjord folkemuseum. Etablere fleire møteplassar langs traséen. | Nei | Private/ Gloppen kommune |

| Rutenamn | Skildring/ gradering | Status | Attraksjon/ målpoint | Forslag til tiltak | Turdata base | Driftar |
|--|--|---|--|---|-----------------|---|
| Sandane – Holvikejekta – via Øvrevegen | Sentrumstrasé på asfalt. Same veg fram og tilbake. Turiststi, lett. | Eksisterande trasé via Øvrevegen i sentrum. På asfalt. Universelt utforma. Parkering i sentrum. | Nytt vernebygg for Holvikejekta opnar i 2025. Butikk, kafé. | Merkast frå Heradsplassen. Koplast på kulturstien i sentrum. | Nei | Private/ Gloppen kommune |
| Nordfjord folkemuseum | Rundtur frå hotellet via elvestien. Asfalt, grus, fottur, enkel | Fint nærturområde. Nokre av stiane er universelt utforma. Offentleg parkering mellom hotellet og Coop. Manglar grunneigaravtale | Vakkert museumsområde med historiske bygningar. | Må avklare bruk av friluftsområde med Nordfjord folkemuseum. Skilting | Nei | Gloppen kommune/ Nordfjord folkemuseum |
| Bukta - grusvegane | Rundtur, fottur, grusveg, enkel | Manglar grunneigaravtale Ikkje merka, parkering ved Mardal skule. Grusvegane som er delvis universelt utforma. | | Grunneigaravtaler og skilting/ merking. | Nei | Private vegar/ private grunneigarar |
| Vereide; Åsebø – Høgåsen | Fottur, skogssti, enkel | God sti, godt merka. Uavklart parkering i startpunkt. | Gapahuk på Høgåsen | Avklare parkering for bruk av turområde | UT.no | Privat/ Utviklingslaget |
| Aktivitetsområde på Rygg | Aktivitetsområde | Attraktivt og populært. Parkering ved grendastova eller ved kaia. | Volleyballbane, kai, stupetårn, fotballbinge, grendahus | Treng offentleg toalett. Om muleg og interesse - utvikle og merke turtrasé med utgangspunkt i aktivitetsområde. | Nei | Privat/ Gredalaget, 4H |
| Byrkjelo | | | | | | |
| Knutevegen | Rundtur på grus, fottur, enkel | Grunneigaravtale. Parkering ved Byrkjelo | Benkar, rekreasjon | Må merkast frå Byrkjelo stadion | Nei | Breimsbygda idrettslag |

| Rutenamn | Skildring/ gradering | Status | Attraksjon/ målpoint | Forslag til tiltak | Turdata base | Driftar |
|------------------------------------|--|---|--|---|-----------------|--------------------------------------|
| | | stadion. Universielt utforma | | | | |
| Reed | | | | | | |
| Reed kultursti, historisk vandring | Fottur, grusveg, enkel. | Parkering ved kyrkja på Reed. Bratt bakke ned til nausta. Delvis universelt utforma | 6 historiske informasjonstavler om Reed på rundturen. Badeplass universelt utforma, stupetårn, grillområde | Merkast betre i terrenget kor rundløypa går, manglar toalett | Nei | Privat/ utviklingslaget, kommunen |
| Hyen | | | | | | |
| Straumsholmen rundt | Rundtur, fottur, asfalt, enkel | Parkering ved Colombusparken, universelt utforma/ asfalt. | Park, kyrkje, butikk med kafé, idrettsplass med løpebane | Må merkast. Skulle vore laga trasé langs sjøen ved Åreneset. | Nei | Offentleg veg/ kommunen |
| Aa – Øyremo-Åsen - Aa | Rundtur, fottur, veg/sti, gamal ferdselsveg | Populær nærtur som kan nyttast heile året. Parkering ved Aa. | Gamalt kvernhusmiljø | Refleksmerking Merking og skilting | Nei | Privat/ Trimgruppa |
| Sentrum-Åsen | Kort fottur, skogssti | Turen går fram og tilbake same veg | Utsiktspunkt, lavo, populært turområde for barnefamiljar og skule | Merking og skilting Kan koplast på som ein rundtur til Førenakken | Nei | Privat/ skulen, idrettslag |
| Kandal | | | | | | |
| Indre Kandal | Vandring langs veg, asfalt, litt bratt terreng | Parkering ved grendahuset | Sølvane gard, CopaKandala, galleri, Kandal Ysteri, Kandal kjøtt | Merke og skilte | Nei | Privat/ privat |

11.2. Lengre turløyper og attraksjonar med utgangspunkt i sentrumsområda

| Rutenamn/ Målpunkt | Skildring/ gradering | Status | Attraksjon/ målpunkt | Forslag til tiltak | Turdata base | Driftar |
|---|--|--|--|--|-----------------|----------------------------|
| Sandane, Nordstranda og Sørstranda | | | | | | |
| Trivselsskogen | Rundtur, fottur, skogssti, trapper, enkel til middel krevjande | Grunneigaravtale Merka sti, parkering ved inngang til Trivselsskogen, merka frå vandrevarde i Sandane sentrum | Tin camp, dagsturhytte, fosseteater, treningspark | Mange turalternativ, merke med ulike traséar med fargekoding | UT.no | Trivselsskogen |
| Eide kultur og natursti | Fottur, enkel men med nokre bratte bakkar | Merka sti, mange dårleg og våte parti på strekninga, forfalle infoskilt. Uavklarte grunneigaravtale | Mange kulturminne langs stien. Treng nye infoskilt. Kulturminnepark, Eidehødingen sin gard og gravstad. | Forbete eksisterande sti, omlegging av sti, betre merking | Nei | Private/ uavklart |
| Vereideskogen | Fottur, muleg rundtur | Infoskilt med kart, delvis merka løypenettverk, uavklart parkering | Del av den kortare turen opp til gapahuken | Informasjonsskilt, fargekode løypenettverket, avklare parkering, avklare grunneigaravtale | Nei | Privat/ Utviklingslaget |
| Nautefjellet | Fottur, middel lett | Bomveg til Sandstøylen. Parkering. | Sandstøylen, Russehola (kulturminne) | Må gjerast ein del tiltak på stien. Merkast og utbetre våte parti. Avklare grunneigaravtale | UT.no | Privat/ MNT |
| Byrkjelo/ Reed/Kandal | | | | | | |
| Lonevatnet | Fottur, enkel | Parkering ved Tine meieriet Byrkjelo. Mogleg rundttur | Benkar, rekreasjon. moglege koplingar til Byrkjelostøylen, Melkebakksteinen | Merke turen som ein rundtur. | Nei | Privat/Breimsbygda IL |
| Støyvastøylen | Fottur, fram og tilbake same | Merka fottur. Parkeringsplass før ein | Støyvastøylen | Kan inngå som ein rundtur/tilkopling til sti | UT.no | Privat/ Breimsbygda IL |

| | | | | | | |
|--------------------------------|--|---|---|---|----------------|---------------------------------------|
| | veg, | kjem opp til skitrekket på Utvikfjellet | | ved den Trondhjemske postveg Brekkestova. | | |
| Kvile kultursti | Skogssti, enkel, går frå A-B. | Kultursti som vart etablert i samarbeid med Breim skule rundt 2002. Hjelltunvegen (bomveg). Treng ny grunneigaravtale og parkeringsavklaring. | Tjæremile, klebersteinsberg | Stien treng oppgradering. Informasjonsskiltinga er forfalle og slitt. Manglar driftar etter at skulen i Breim vart nedlagt. Avklaring grunneigaravtale. | Nei | Privat/ Breimsbygda IL |
| Trondhjemske postvei | Gamal ferdslveg, frå Reed ved Breimsvatnet til Utvikfjellet. Berre parti av ferdselvegen intakt som turveg, kombinert med bilveg | Parti langs traséen frå Utvikfjellet til Moldestad som er god men bratt skogssti. Parkering ved gamle skulehuset på Hole. Går frå A – B. | Gamal ferdslsåre der dei frakta post. Gravrøyser langs ferdslvegen. | Merkast i første omgang frå Utvikfjellet til gamle skulestova på Hole. Bratt skogsveg, treng skogrydding og drenering. Betre skilting. | Fylkeatla s.no | Statens vegvesen/ Statens vegvesen |
| Myklandstøylen-Botnen | Fottur, enkel | Turen går inn langs dalen. Merka sti. Parkering ved Myklandstøylen | Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde Myklandstøylen | | UT.no | Privat/ Kandal utvikling |
| Hyen | | | | | | |
| Gjengedalsstøylen- Byrkjeneset | Fottur, enkel, går fram og tilbake | Godt tilrettelagt turtrasé med klopper | Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde Gjengedalsstøylen Kulturhistorisk trasé, | Skilting og merking | Nei | Privat/ Idrettslag, statleg |

| | | | | | | |
|--|--|--|---|--|--|------------|
| | | | gamal busetnad på Bykjeneset frå 1700-talet | | | vernestyre |
|--|--|--|---|--|--|------------|

11.3. Turistruter og attraksjonar

| Rutenamn/ Målpunkt | Skildring/ gradering | Status | Attraksjon/ målpunkt | Forslag til tiltak | Turdata base | Eigar/ driftar |
|---|---|--|---|--|-----------------|--|
| Eggenipa | Rundttur, krevjande | Grunneigaravtale Merka sti og parkering ved Bjønnespøtet. Bomveg. Nye parti på stien er under etablering, rehabilitering av eksisterande parti | Sherpatrapper, unikt utsiktspunkt, gapahuk, toalett Gåsemyrstøylen Eggestøylen | | UT.no | Privat/ Nibberåsa |
| Nordfjordryggen Utvikjellet - Holvikfossen – Sandane | Fottur, skogssti, frå A - B | Grunneigaravtale, merka sti. Parkering på Utvikjellet ved skitrekket. | Går via turmåla Fløtravarden, Snøfjellet, Dunheia, Blånibba, Holvikfossen, Trivselsskogen. Innom Holvikestøylen, | Forbetre merking. Utbetre våte parti på stien | UT.no | Privat/ MNT, trimgruppa i BBIL |
| Tystadstøylen- Haugsvarden | Fottur, skogssti, Same veg fram og tilbake, middels lett tur | Grunneigaravtale, merka sti Parkering før Tystadstøylen | Tystadstøylen | MNT har fått tilskot i 2024 til utbetring av parti på stien. | UT.no | Privat/ MNT |
| Ryssdalshornet | Fottur, skogssti, Same veg fram og tilbake, krevjande tur. | Merka tursti, parkering i Ryssdalen. Tilrettelagt med trapp og vaier i bratte parti | Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde Særprega topp for Sandane. Ryssdalsstøylen | | UT.no | Privat/ Statleg vernestyre, MNT |
| Blånibba | Fottur, middels til krevjande | Grunneigaravtale Bomveg. Parkering i Bjørndalen. Merka sti. Same veg fram og tilbake. | | Utbetring av våte parti på stien. | UT.no | Privat/ |

| Rutenamn/ Målpunkt | Skildring/ gradering | Status | Attraksjon/ målpunkt | Forslag til tiltak | Turdata base | Eigar/ driftar |
|-----------------------|-------------------------|---|--|-------------------------------------|-----------------|-------------------------|
| Hope – Gjegnabu | Fottur, krevjande | Merka sti fram og tilbake. Parkering ved Nakkane eller ved Hope. | Ålfotenbreen landscapsvernområde Lavesteinen utsiktspunkt Gjegnabu turisthytte (Florø turlag) | Forbetre merking av deler av turen. | UT.no | Privat/ Florø turlag |